

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.11.2020
Fylkestinget		15.12.2020

Møteplan for 2021 i folkevalde organ - justeringar og samla oversikt

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek framlagt justert møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune, slik det framgår av saksframlegget

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til vedtak i fylkestinget, 29.september og fylkesutvalet 29.oktober om møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen legg med dette fram ei sak om justert møteplan 2021 for dei folkevalde organa med følgjande innhold;

- Justering av 3-vekers alternativet for fylkesutvalet/finansutvalet
- Justering av tidlegare vedtak om møteplan for hovedutvala
- Justering av tidlegare vedtak om møteplan for fylkesvalstyret
- Justering av tidlegare vedtak om møteplan for administrasjonsutvalet
- Status oversikt møteplan 2021 i andre folkevalde organ

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På møte i fylkesutvalet, 29.oktober 2020, vart det gjort følgjande vedtak i sak om møteplan 2021 for finansutvalet og fylkesutvalet:

1. «*Fylkesutvalet vedtek 3-vekers alternativet i saksframlegget som møteplan 2021 for fylkesutvalet og finansutvalet med slike justeringar:*

 - a. *Fire til seks av møta skal settast opp som fysiske møter over to dagar.*
 - b. *Dagsmøte kan gjennomførast som fjernmøter dersom dette er føremålstenleg.*
 - c. *Fast møtedag for fylkesutvalet/finansutvalet skal vere tysdag og tysdag/onsdag for møte over to dagar.*

2. *Fylkesutvalet har som intensjon at fleire av fylkesutvalsmøta skal leggast rundt om i fylket. Fylkesordføraren får fullmakt til å bestemme om møter skal gjennomførast som fjernmøter eller fysiske møter, samt bestemme kvar dei fysiske møta skal vere.*
3. *Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen legge fram ei sak til fylkestinget i desember 2020, med ei samla oversikt over møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Fylkesutvalet ber vidare om at førebels møteplan, basert på vedtak i FT-sak 108/2020 og FU-sak 216/2020, vert sett opp og gjort tilgjengeleg snarast råd.*
4. *Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen legge fram ei sak til fylkestinget i desember 2020 om at møter i folkevalde organ i Vestland fylkeskommune kan gjennomførast som fjernmøter også etter den pågående pandemisituasjonen. Reglementa for dei folkevalde organa må tilpassast.»*

Fylkesrådmannen viser til pkt. 2 i vedtaket og legg med dette fram ei sak om møteplan 2021 for dei folkevalde organa med følgjande innhald;

- Justering av 3-vekers alternativet for fylkesutvalet/finansutvalet
- Justering av tidlegare vedtak om møteplan for hovedutvala
- Justering av tidlegare vedtak om møteplan for fylkesvalstyret
- Justering av tidlegare vedtak om møteplan for administrasjonsutvalet
- Status oversikt møteplan 2021 i andre folkevalde organ

Vedtakskompetanse

På fylkestinget 29.september 2020, vart det vedtekte endringar i delegeringsreglementet for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Her vart det m.a vedteke at mynde til å vedta møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, og finansutvalet, vert flytta frå fylkesutvalet til fylkestinget.

Dei andre folkevalde organa som klagenemnda, kontrollutvalet, trafikktryggingsutvalet, valnemnda, medverknadsorgana, yrkesopplæringsnemnda og arbeidsmiljøutvalet vil fastsette eigne møteplanar i sine respektive organ.

På fylkestinget, 29.september 2020, fekk fylkesutvalet fullmakt til å vedta sin eigen møteplan (inkl finansutvalet) i sak om møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestlands fylkeskommune.

Sjølv om fylkesutvalet har fått fullmakt til å fastsette eigen (inkl finansutvalet) møteplan for 2021, vil fylkesrådmannen legge denne saka samla fram for fylkestinget. Saka inneholder også forslag til endringar i møteplan for hovedutval, fylkesvalstyre og administrasjonsutvalet i høve til vedtak på fylkestinget, 29.september om møteplan 2021.

Fylkesrådmannen vil og minne om saka omhandlar ein plan, og at dette ikkje set til sides kommunelovas § 11-2 (2) bokstav a, som seier at møte i folkevalde organ skal haldast dersom «Organet selv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det». Organet kan dermed framleis sjølv vedta møte/endre møtetidspunkt, jf. kommunelova § 11-2 (2).

Møteplan 2021 med justeringar for fylkesutvalet/finansutvalet, hovedutvala, fylkesvalstyret og administrasjonsutvalet

På fylkestinget, 29.september 2020, vart det vedteke møteplan 2021 for folkevalde organ utanom fylkesutvalet/finansutvalet.

Nye forslag til møteplan 2021 for fylkesutvalet/finansutvalet vart lagt fram på møte i fylkesutvalet 29.oktober. Fylkesutvalet gjorde vedtak om følgjande hovudalternativ, med etterhald om diverse justeringar som er vist til i bakgrunnen for denne saka;

	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			10/11			16/17			29/30			15/16
Fylkesutvalet	20	10	03, 26	15	06, 27	14		19	9, 27	21	11	02
Finansutvalet			03			14			27	21	11	
HU SAMO	12	17	23	27	25				20	12, 26	16	
HU KULII	13	17	25	28	26				20	13, 26	17	
HU OPPKO	14	17	24	27	25				20	14, 26	18	
HU NÆRIN	12	17	23	28	26				20	13, 26	17	
Fylkesvalstyre			10		27			19	21			
Adm.utvalet	21			20					17		24	
Politikardag		16							20	25		

Etter ein ny gjennomgang og oppfølging av vedtaket i fylkesutvalet, 29.oktober 2020, foreslår fylkesrådmannen følgjande møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune med justeringar for fylkesutvalet/finansutvalet, hovedutvala, fylkesvalstyre og administrasjonsutvalet. Det er og lagt inn forslag til fjernmøter (F) i fylkesutvalet/finansutvalet, samt fysisk lokalisering på møter i fylkesting, fylkesutval/finansutval og enkelte hovudutvalsmøter der desse er sett opp i samband med politikardag. Dette er foreslått og sett opp i møteplanen i samråd med fylkesordføraren, og i samsvar med fullmakt som fylkesordføraren fekk i pkt 2 i fylkesutvalet sitt vedtak, 29.oktober 2020.

	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			10/11 Bergen			16/17 Rosendal			29/30 Leikanger			15/16 Bergen
Fylkesutvalet	19 Bergen	09 (F)	02/03 Leikanger 26 (F)	20/21 Bergen	11 (F)	01/02 Sveio 22 (F)		17 Bergen	7 (F) 21/22 Voss	19/20 Bergen	09/10 Bergen 30 Bergen	
Finansutvalet			02 Leikanger			01 Sveio			21 Voss	19 Bergen	09 Bergen	
HU SAMO	12	17 Sogndal	23	27	25				08	12, 26 Stord	16	
HU KULII	13	17 Sogndal	25	28	25				08	13, 26 Stord	17	
HU OPPKO	14	17 Sogndal	24	27	25				08	14, 26 Stord	18	
HU NÆRIN	12	17 Sogndal	23	28	25				08	13, 26 Stord	17	

Fylkesvalstyre		10		11	01		17	21		
Adm.utvalet	21			15				17		24
Politikardag		16 Sogndal						20 Voss	25 Stord	

Justering av 3-vekers alternativet for fylkesutvalet/finansutvalet

- Møtet 20.januar er flytta til tysdag 19.januar
 - Møtet 10.februar er flytta til tysdag 9.januar
 - Møte 03.mars er omgjort til todagarsmøte 02/03.mars
 - Møtet onsdag 26.mars vert ikkje flytta til tysdag for å unngå kollisjon med møter i hovedutval
 - Møtet 15.april er flytta og omgjort til todagarsmøte 20/21.april pga av påskeferie
 - Møtet 06.mai er flytta til 11.mai for 3 vekers intervall frå møte 20/21.april
 - Møtet 27.mai er flytta og omgjort til todagarsmøte 01/02.juni for 3 verkers intervall frå møte 11.mai
 - Møtet 14.juni er flytta til 22.juni for trevekers intervall frå møte 01/02.juni
 - Møtet 19.august er flytta til tysdag 17.august
 - Møtet 09.september vert flytta til tysdag 07.september
 - Møtet 29.september er flytta og omgjort til todagarsmøte 21/22.september
 - Møtet 21.oktober er flytta og omgjort til todagarsmøte 19/20.oktober
 - Møtet 11.november vert flytta og omgjort til todagarsmøte 09/10.november. (På dette møtet vert budsjettforslaget lagt ut og oversendt hovudutval for uttale.)
 - Møtet 02.desember vert flytta til tysdag 30.november

Justering av møteplan 2021 for hovedutval

- Alle hovudutvalsmøter i mai er lagt til 25.mai pga festspelopning i Bergen, 26.mai 2021
 - Alle møter i hovudutval i september flytta til 08.september pga. betre tid til handsaming av sektorrammer i budsjettprosessen

Justering av møteplan 2021 for fylkesvalstyret

- Fylkesvalstyre 27.mai er flytta til 01.juni, same tidspkt. som fylkesutvalet.

Justering av møteplan for administrasjonsutvalet

- Adm.utval flytta frå 20.april til 15.april, pga kollision med fylkesutval 20/21.april

Møteplan 2021 i andre folkevalgte organ i Vestland fylkeskommune

Status for vedtak og avklaringar rundt møteplan 2021 som er gjort i andre folkevalde organ i Vestland fylkeskommunen følgjer av oversikten under. Dette er folkevaldeorgan utover dei som fylkestinget har mynde til å fastsette møteplan 2021 for. Forslag til møteplan for valnemnda er sett opp i samråd med leiaren av valnemnda.

Rådet for menneske med nedsett funksjoneevne											
Vestland ungdomsutval											
Yrkesopplæringsnemnda	12	15	24	26	19		24	16	21	16	
Arbeidsutval delegeringsreglement	27										
Vestlandsrådet											

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget vedtek forslaget til justert møteplan 2021 for folkevalde organ slik det framgår i saksframlegget.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek framlagt justert møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune, slik det framgår av saksframlegget.

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Tilleggsnotat til PS 172/2020 - Møteplan for 2021 i folkevalde organ - justeringar og samla oversikt

Fylkesrådmannen viser til handsaming av sak - Møteplan for 2021 i folkevalde organ - justeringar og samla oversikt, i fylkesutvalet, 26.november 2020, og legg fram følgjande tillegg i samband med fylkestinget si handsaming av saka.

Justeringar og presiseringar

For å unngå møtekollisjonar med møter i hovudutval for opplæring og kompetanse og hovudutval for næringa vert det foreslått følgjande endringar i Yrkesopplæringsnemda sin møteplan for 2021:

- Oppsett møte 12.januar vert flytta til 20.januar
- Oppsett møte 24.mars vert flytta til 18.mars.

Den oppsette politikardagen, 20.september 2021, vert gjennomført som digitalt møte.

Det vert presisert at den fysiske lokaliseringa av møter i fylkesting og fylkesutval/finansutval kan endrast av fylkesordføraren, i samsvar med fullmakt som fylkesordføraren fekk på møte i fylkesutvalet, 29.oktober 2020.

Samla oversikt møteplan 2021

Samla oversikt møteplan for folkevalde organ i 2021 vert med dette;

	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			10/11 Bergen			16/17 Rosendal			29/30 Leikanger			15/16 Bergen
Fylkesutvalet	19 Bergen	09 (F)	02/03 Leikanger 26 (F)	20/21 Bergen	11 (F)	01/02 Sveio 22 (F)		17 Bergen	7 (F) 21/22 Voss	19/20 Bergen	09/10 Bergen 30 Bergen	
Finansutvalet			02 Leikanger			01 Sveio			21 Voss	19 Bergen	09 Bergen	
HU SAMO	12	17 Sogndal	23	27	25				08	12, 26 Stord	16	
HU KULII	13	17 Sogndal	25	28	25				08	13, 26 Stord	17	
HU OPPKO	14	17 Sogndal	24	27	25				08	14,	18	

									26 Stord		
HU NÆRIN	12	17 Sogndal	23	28	25			08	13, 26 Stord	17	
Fylkesvalstyre			10		11	01		17	21		
Adm.utvalet	21			15				17		24	
Politikardag		16 Sogndal						20 (F) Voss	25 Stord		
Kontrollutvalet		17	22		10	14		21-22	26	29	
Valnemnda			04			08		23			08
Klagenemnda		11 Bergen	25 Bergen		05 Leikanger		31 Bergen		05 Leikanger		07 Bergen
Trafikktryggings- utvalet	25		15		19				04	15	
Fylkeseldrerådet	14 Bergen		02 Leikanger	15 Førde		10 Bergen		16 Førde	14 (F) Odda	04	09 Bergen
Rådet for menn- eske med nedsett funksjonsevne		03 (F)	24 Bergen		05 Førde	09 (F)			01 Bergen	13 Leikanger	
Vestland ungdomsutval	29 Bergen	17 (F)	19.-21 Skei		10 (F)		13.-15 Alver	15 Skei	22.-24 Bergen	19.-21 Bergen	
Yrkesopplærings- nemnda	20	15	18	26	19			24	16	21	16
Arbeidsutval delegerings- reglement	27										
Arbeidsmiljøutval											
Vestlandsrådet		25			19			02		25	

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Karianne Torvanger (A) sette fram slikt forslag:

«Endring av møteplan for hovudutval for opplæring og kompetanse:

Møtet i mars vert flytta frå 24. mars til 16. mars (Fellesmøte med yrkesopplæringsnemnda).
Møtet 18. november vert flytta til 23. november.

Ekstramøte 26. august (digitalt med orientering om status for inntak for formidling).

Endring av møteplan for yrkesopplæringsnemnda:

Møte 24. mars vert flytta til 16. mars (Fellesmøte med hovudutval for opplæring og kompetanse)

Møte 26. april vert flytta til 15. april.»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget i mars vert arrangert 9.-10. mars.»

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt forslag:

«Hovudutvalsleiarane avgjer om møta i hovudutvala skal gjennomførast som fjernmøte eller fysiske møte og geografisk fordeling av møta.»

Avrøyting

Torvanger sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Følling sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (UA).

Vedtak

Fylkestinget vedtek framlagt justert møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune, slik det framgår av saksframlegget, med desse endringane:

1. Endring av møteplan for hovudutval for opplæring og kompetanse:

Møtet i mars vert flytta frå 24. mars til 16. mars (Fellesmøte med yrkesopplæringsnemnda).

Møtet 18. november vert flytta til 23. november.

Ekstramøte 26. august (digitalt med orientering om status for inntak for formidling).

Endring av møteplan for yrkesopplæringsnemnda:

Møte 24. mars vert flytta til 16. mars (Fellesmøte med hovudutval for opplæring og kompetanse)

Møte 26. april vert flytta til 15. april.

2. Fylkestinget i mars vert arrangert 9.-10. mars.

3. Hovudutvalsleiarane avgjer om møta i hovudutvala skal gjennomførast som fjernmøte eller fysiske møte og geografisk fordeling av møta.